

TILSKOT TIL NÆRINGS- OG MILJØTILTAK I SKOGBRUKET (NMSK) - TILTAKSSTRATEGI FOR SVEIO KOMMUNE

Fastsett av Sveio kommune 5. november 2008 etter samråd med faglaga i landbruket i Sveio.

FØREMÅL

Føremålet er å ha ein kommunal strategi for bruk av midlar etter ”Forskipt om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket”. Føremålet med tilskotsordninga er slik utforma i forskrifta: ”Formålet med tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket er at det ut fra lokale prioriteringar og tilpasningar blir stimulert til økt verdiskaping i skogbruket, samtidig som miljøverdier knyttet til biologisk mangfold, landskap, friluftsliv og kulturminner i skogen blir ivare tatt og vidareutviklet.”

I Sveio skal midlane nyttast for leggja til rette for auka verdiskaping i skogen og for ta vare på miljøverdiene i skogen. Det er viktig at skogeigarane viser engasjement og tar aktivt tak i dei skogfaglege utfordringar som ligg i tida. Utan aktivitet - ingen tilskotsmidlar.

SENTRALE OG REGIONALE FØRINGAR

I forskrifta er det sett ein del krav som må etterlevast. Fylkesmannen har òg føringar for bruk av midlane.

SKOGEN I SVEIO

Skogen i Sveio består av naturlege furuskogar nord og aust i kommunen, samt kulturskogar av gran, sitkagran, lerk og furu. Av lauvskog er dunbjørk den dominerande, men det er òg ein del eikeskog. I tillegg er det små bestand av ask, svartor og osp. Det finns store skogressursar i Sveio. Etter siste takst er det produktive skogareal om lag 42 000 dekar. Av dette er 74 % eldre skog. Resten av skogen er under forynging og yngre produksjonsskog. Total ståande kubikkmasse er om lag 227 000 m³. Per år legg skogen på seg over 8 000 m³. Det er i kommunen investert store summar i plantingar, skjøtsel av plantefeltar og ikkje minst i vegbygging.

LOKALE UTFORDRINGAR I SKOGBRUKET

Skog er ein ressurs på lik line med andre naturressursar. Det er ein ressurs som kan og bør utnyttast mykje betre enn det vert gjort i dag. I Sveio vert det avverka for lite i forhold til kva som kunne vore avverka. I 2002 og 2003 er det berre hogd 10 % av årleg tilvekst. Skogvolumet på rot aukar, men det vil ikkje seia det same som at verdien aukar. Det er med skog som med det meste innan planteproduksjon. Det må haustast eller så misser avlinga verdi. Utfordringa er eit betre samarbeid mellom skogeigarane både ved hogst og vegbygging. Skjøtsel av eksisterande plantefelt er eit viktig arbeid som òg bør prioriterast. Mange bruk har tinga skogbruksplan. Skogbruksplanar må brukast. Dei gjev god oversikt over ressursar i skogen på den ein skilde gard og fortel kva for tiltak som bør prioriterast.

LOKALE PRIORITERINGAR

Dei fremste tiltaka bør vera:

- Mekanisk etterrydding
- Avstandsregulering
- Stammekvisting
- Førstegangstynning av lauvbestand (kan kombinerast med beiterydding)
- Grøfting av vass-sjuk skogsmark
- Planting av godt tilpassa treslag – særskilt der det er hogge og elles der det er areal som ikkje vert nytta til andre føremål og som høver for skog

- Av andre prioriteringstiltak kan vera: Rydding av skog langs hovudveggar, turstiar og merking av desse.

LOKALE TILSKOTSSATSAR

- Mekanisk etterrydding, avstandsregulering, stammekvisting, førstegangstynning av lauvskogbestand og grøfting av vass-sjuk skogsmark: 50 %
- Planting: 50 %
- Andre tiltak: 50 %

SØKNADSRIST

Søknadsfristen er 1. april kvart år. Dersom det er mykje midlar att etter at søknadene er avgjort, skal det lysast ut at det er ledige midlar. Søknadsfrist dersom det er slike ledige midlar skal vera 1. oktober.

LØYVING

Søknader vert avgjort av administrasjonen i Sveio kommune. Det skal leggjast vekt på skogbruksansvarleg sin uttale.

REVIDERING

Tiltaksstrategien skal reviderast ein gong i året etter at løyvinga og eventuelle regelendringar og andre endringar frå sentralt og regionalt hald er kjende. Det er ei siktemål å gjera revideringa innan 1. mars kvart år.